

Til minne om Gunn Berit Lunde Aarvik

Det var med stor sorg me mottok melding om at Gunn Berit er gått bort.

Me sit att med mange gode minner frå ungdomstida vår, frå skimiljøet i Bulken IL, då me var så heldige å ha deg Gunn som trenar. Du tok verkeleg oss skijentene under dine venger, og for oss vart du ei reservemamma på den tida.

Saman med syster Eva, reiste du av garde frå hus og småborn heime, for at me jentene skulle få vera med på sommarskiskule på austlandet, eller til Stryn på sommarski der. Desse turane var høgdepunkt i våre unge skikarrierer, og me hadde det alltid kjekt i lag på tur. Det var ikkje få ettermiddagsturar du køyrde oss opp i Årmotslia på trening. Like etter skulen stod du klar og venta. I bilen hadde me mykje moro, og me fekk høyra på høg musikk. Treningsturane med deg Gunn var høgdepunkt i kvardagane våre. Uansett vêt var treningane våre med deg alltid like kjekke. Me trena, leika og lo i lag. Joggeturar var kanskje ikkje alltid det lettaste å motivera oss til. Ofte freista det meir med måneskinstur med kjærasten på Vangen. Eller me stakk av på epleslang, med påfylgjande mageknip. Men du gav oss ikkje opp for det. Du var alltid like positiv, og du respekterte oss for dei ungdomane me var.

Andre kjekke minner er måltida du samla oss til heima hjå deg. Då åt me god mat og me hadde fine samtalar. I desse åra trur me du visste meir om oss enn foreldra våre gjorde. Du var ein trygg vaksen som alltid hadde tid til å høyra på oss. Du gav oss omsorg, tryggleik og varme. Du var ein motivator. Samstundes stilte du krav, sette grenser og hadde forventningar til oss. Det var ikkje seier som var viktigast, men at me skulle gjera vårt beste, og kjenna at me fekk til det me hadde øvd på. Du kom med tips og gode råd som var viktige for oss i ungdomsåra. Me kjende oss verdsette. Du gav oss sjølvtilit og tru på oss sjølve.

Då me vart vaksne heldt omsorg din for oss fram. I bryllaupa våre var du og Thor Gunnar naturlege å invitere. Du sende også helsingar til borna våre ved fødsel og konfirmasjon, og på bursdagane våre tikka det alltid inn ei personleg helsing.


Me vil minnast deg Gunn som ei raus dame, med eit stort hjarta for alle rundt deg, og med ein enorm kunnskap og oversikt over mykje. Du hadde eit brennande engasjement for idretten, spesielt på Bulken, men òg elles i bygda og landet.

Den gleda og entusiasmen du viste, har inspirert oss til å gjera noko av det same når me no er i same fase av livet; å gje idretts glede vidare til born og unge.

Audmjukt ser me at den tida du brukte i lag med oss skijentene var enorm, og det er vanskeleg å forstå kvar du henta tid og krefter frå.

Me kjenner på ei stor takksemd for at me fekk verta kjende med deg Gunn, og din familie.

Me er òg takknemlege for alt du har lært oss. Du vert sårt sakna.

Takk for gode minner 

Våre tankar går til familien.
Fred over Gunn Berit sitt minne

Varme klemmar frå ski jentene dine;
Trude, Torill, Hilde, Marta og Anne Louise

Nokon bilete frå den gode tida ❤️







